

STUDENTAVISA ITROMSØ

Organ for Tromsø-studentane
2. årgang — Nr. 4 - 1977

FRÅ NSU SITT LANDSTING:

«Rett før landstinget til NSU preges organisasjonen av febrilsk aktivitet. Det analyseres og kritiseres, de statlige utdanningsreformene overskrides opptil flere ganger daglig. NSUs effektive sekretariat sørger for at delegatene får alt dette to uker før landstinget (500 til 800 sider i alt).»

Inne i avisa finn du følgjande artiklar frå landstinget:


- Fra en landstingsdelegat.
- NSU: minst 25% nynorsk i universitetsadministrasjonen, men i NSU skal bokmålet framleis vere rådande.
- NSUs arbeidsprogram — eit byråkratisk lappverk!

MØT FRAM
PÅ HOVUD-
ALLMØTET
OG RØYST
PROGRESSIV
FRONT 25.
mai.
Sjå midtsidene.

Raud Front Student-leir 14. - 20.8.

På Raud Front-leiren i år, i nærleiken av Tromsø, vil følgjande hovudemner verta diskutert:

- * Krigsfaren og prinsippa for folkekrig.
- * Revolusjonær interessesekamp.
- * Haustens Stortingsval og Raud Valalianse.



Raud Fronts studentleir 14. - 20.8.

Kvitbok-komite om valordning og interesseorganisering oppnemnd

Det har i vinter kome fleire klare teikn på at den organisering og valordning vi studentar har i dag, vil stå ovafor åtak frå lokale og sentrale styresmakter til hausten og vinteren som kommer. Det er viktig å førebu oss på dette om det skal vera mogleg å slå dei attende. I tråd med dette valde hovudallmøte 17.3. ein «kvitbok-komite» med mandat som i dette vedtaket:

Forts. side 7

STUDENTAVISA I TROMSØ

Røyst Progressiv Front ved valet 25.5.

På hovudallmøte 25.5. skal det veljast nytt studentutval og ny avisredaksjon. Allmøtet skal altså avgjøre dei politiske liner for studentane sin kamp i haustsemestret — eit semester der m.a. studentane sin interesseorganisering og økonomi vil verte utsett for harde åttak.

Det er, så langt vi veit om, berre Progressiv Front som stiller til val. Dette gjeld både til SU og studentavisa. USV forklarar dette ein anna stad i denne avisa med at «det vil vera gale av USV å ta over i «toppen» (Studentutvalet, red. merknad) når me nett har peika på det viktige i å byggja opp til dette frå grunnen av saman med uavhengige». At NSU-leiinga og delegatgruppa er nærmare grunnplanet enn SU, synast merkeleg for dei fleste — bortsett frå USV. Dette visar tvert om at USV IKKJE er interessert i å arbeide på grunnplanet, men tvert om ynsker å sikre seg bein i toppen, med feite honorarer og høve til å få nye toppstillingar seinare.

Det er såleis berre to moglege røystalternativer ved valet: Anten å røyste Progressiv Front, eller å røyste blankt. Når studentavisa oppmodar alle studentar til å kome på hovudallmøte og røyste Progressiv Front, er det altså ikkje avdi vi er redd for at Progressiv Front skal tape valet. Det er likevel viktig å mobilisere dei breie studentmassene bak politikken til Progressiv Front, utan omsyn til om dei treng stemmene for å vinne valet eller ikkje. Progressiv Front er einaste politiske gruppe på universitetet som står for ein konsekvent kampline mot staten, universitetsleiinga og borgerskapets åttak mot interessane våre. Røysler frå tidlegare kampar har tydeleg synt dette, m.a. i husleigestriken 1975, og ikkje minst under suspensjonen av ein studentrepresentant frå samskipnadens budsjettutval.

Opp mot denne kamplina står USV sin samarbeidsline, som i hovudsaken tar opp fag- og ideologikritikk. USV sin line i konkrete studentkampar avslørar denne lina som ei nedleggning av den verkelege studentkampen. Eksemplar som husleigestriken 1975, kampen mot statsbudsjettet 1976 (brevaksjonen), suspensjonssaka, og nå nett lånekassesaka syner denne lina som ei nederlagsline for studentane sine interesser.

Det er berre ei konsekvent kampline som kan føre studentane sin interessecamp framover, og det finns berre ei politisk gruppe på universitetet som kan vera eit reiskap for denne kampen: PROGRESSIV FRONT.

Redaksjonen oppmodar difor alle studentane til å komme på hovudallmøte 25.5 og røyste Progressiv Front.

Overgang fra side 5

Mistillitsforslaget...

tisk grunnlag. Konsekvensen er at NSU si line vert kjørt ut i Tromsø og. I staden for å vere representanter for Tromsø-studentane i NSU får vi no representanter for NSU i Tromsø.

SA: USV konkluderer mistillitsforslaget sitt slik: «PFs delegatgruppe har gjort en elendig jobb både i NSU-sammenheng og ovenfor sitt grunnplan» og «delegatgruppa har sabotert det utdanningspolitiske arbeidet». Dette er jo alvorlege skuldingar!

RH: Ja, og i grunngjevinga kjem USV med ei rekke kategoriske og løgnaktige skuldingar. Eit hovudargument mot oss har vore at vi har sabotert spreieninga av Studentforum. Alt gratismateriale frå NSU har vært lagt ut på alle instituttene. Dette har vore PF si line, ikkje av di vi meiner Studentforum er bra, men av di vi ser det som ein forpliktelse ovafor organisasjonen. Då Jarning — leiar i NSU — i valkampen i Oslo i fjor hevda at PF i Tromsø ikkje

delte ut avisa tok vi det opp på landsstyremøtet og krevde dementi i Studentforum. Det skulle gå greit sa dei, men dementiet såg vi aldri noko til. Skuldninga om at DG saboterte innkallinga til eit fagkritisk seminar før jul er og tøv avdi utvelginga av folk vart gjort etter avisning frå NSU-ledelsen (Jens Jacobsen).

SA: USV seier at dere negligrerte utdanningspolitiken?

RH: til det vil eg stille følgande spørsmål: Kor var USV då DG tok opp disiplinærreglementet etter initiativ frå ein rådsrepresentant? Kva gjorde USV då studentrepresentanten vart suspendert frå Samskipnaden og styret freista å innføre teieplikt for studentrepresentantane? Var det USV eller PF som tok opp rasjonaliseringene i Lånekassa og det nye stønadssystemet? USV nevner Alstadheim og valordningssaka. Dette har PF teke opp for lenge sia og begge sakene jobber vi framleis med. Har USV i

Redaksjonen:
Anton Myhra, Åse Hanssen (ansvarlege), Siv Kvernmo, Jostein Karlsen.

Redaksjonen avslutta 20.5.77.

Organ for studentene ved Universitetet i Tromsø.
Adresse: c/o Studentutvalet, Tollbugt. 7 b, 9000 Tromsø
Trykt i 1200 eks.

Overgang fra side 7

Plattform...

blir berørte for å få i gong ein diskusjon om det som skjer.

— Vidare vil vi stø fagkritiske prosjekt som blir utvikla på dei einskilde instituta. Vi tek også siktet på å arrangere eit seminar om studentpolitisk strategi i løpet av hausten.

SA: Mistilliten gjeld og årsrapporten: USV hevder at dere teier og studentane si oppsummering av suspensjonssaka?

RH:

Dette er eit interessant punkt. I årsrapporten slår vi fast at studentane vant ein halv siger i suspensjonssaka då styret ikkje eksluderte studentrepresentanten. Noko seinare brakte representantane påny fram «fortolege» opplysninger om korleis styret utnevnte kvarandre til sjefar og fekk store lønnsopprykks. Styret treista ikkje med suspensjonar denne gången. Det skulle syne at dei åpne freistnaden på å innføre teieplikt er slått attende for ei stund. Vi ser dette som ein viktig siger og gjev sjølsagd uttrykk for det i årsrapporten. Det var ikkje ein freistnad på å teie ihjel hovudallmøtet sin kritikk. Den er kjend for NSU-leiinga og også gjennom Studentforum. USV saboterte kamplen mot suspensjonen. Sjøl om dei seier at dei og går mot teieplikta, vert dette ord på papir. I praksis gjer dei det aldri difor er det så viktig for USV og oppsummere suspensjonssaka som eit nederlag.

SA: Du meiner altså at mistilliten mot dere var grunnlos, kvifor røysta då fleirtalet for forslaget?

RH: Sjølsagd har vi gjort feil i arbeidet og konstruktiv kritikk tek vi imot. Men det USV kjem med er ei grunnlaus bakvaskingskampanje. Når det trass det vart fleirtal for forslaget kan ein jo være frista til å trekke fram P. Arbo sin uttalelse på instituttallmøtet på ISV same dag om at det er kjøttvekta som tel. Eg trur likevel at grunn er at vi ikkje fikk diskutert dei politiske linene som sto opp mot kvarandre men måtte nyte tida til å attendevisse skuldingene frå USV.

SA: Fleire har stilt seg uforstående til at DG trakk seg sjølom forslaget ikkje fikk 2/3 fleiral. Er ikkje dette ei vedgåing ovafor kritikken frå USV?

RH: Det er det ikkje! PF har sjøl fremma grunnplanet sin rett til å attende kalle representantar. Dette er eit viktig prinsipp for å sikre grunnplanet sin kontroll. Sjøl om vi er usamde i vedtaket var det eit klårt

Overgang fra side 7 Staten og...

staten freistar å oppnå er å slippe å betale tillegg for ubekvem arbeidstid. For universitetet i Tromsø dreier det seg om eit minimalt beløp, ca. 3 promille av lønningsbudsjettet for universitetet. Dette er for staten eit grunnlag å gå laus på den svakaste stiltgruppa på universitetet.

FRAMMØTEPROTOKOLL

Og som ikkje dette skulle vere nok, innførast det no framme protokoll for å kontrollere at reingjeringsbetjentane overheld arbeidstida si. Og denne mistilliten gjeld berre for ei gruppe på universitetet. At denne protokollen kan brukast til enno meir rasjonalisering frå administrasjonen si side, syner deira eiga utsagn om at ordninga vil spare dei for 20 sommervikarar. Reinhaldbetjentane boikotta frammeprotokollen i byrjinga, men vedtok seinare å nytte den, og finne ei anna løysing for å få den fjerna. Dei har inga illusjon om at det nyttar å prate Haugli til formuft.

REINHALDSBETJENTANE VART FORRÅDT AV FOR- BUNDSLEIINGA I NTL

Ein representant for forbundsleiinga i NTL gjekk bak ryggen på reinhaldbetjentane og undertekna forhandlingsprotokollen i Oslo. Utan omsyn for interessane og krava deira, føyde han seg etter staten. Dette synar at det er reinhaldbetjentane sjølv som må tvinge staten til å ferje frammeprotokollen. Andre tilsette og studentar må gå saman med reinhaldbetjentane i kampen mot staten og universitetsleiinga sin forverring- og rasjonaliseringstiltak.



— god
sommar!

fleirtal for mistilliten. Handsaminga var formelt korrekt og det var heilt rett at vi trakk oss.

SA: PF vil freiste å vinne
attende delegatgruppa?

RH: Ja sjølsagd! I fyste omgang må vi gå inn for å forplikte DG — gjennom hovudallmøtevedtak — til å føre fram Tromsøstudentane sitt syn i NSU. Vi kan heller ikkje la dei sitte så lenge at dei får høve til å gjere same oppsummering som sist dei hadde delegatgruppa: «Imidlertid har vi i liten grad greid å få oppslutning om den politikken vi har kjørt fram». Ei ærleg oppsummering i årsrapporten fra DG (USV og Uavh.) 1975.

Meld deg på
Raud Fronts
studentleir!

praxis 28



BARNE
HAGER

Av inneholder:

Løgn og sitatfusk

fra Norsk Lærerlag m.m.

Selges i Narvesen

Nytt nummer av skoletids-

skrift Praxis i handelen

Temanummer om barnehager

Les også om heksejakt i

Norsk Lærerlag m.m.

Selges i Narvesen

Send meg abonnement for

ett år kr. 50,-

Send ikke penger nå

Vi sender regning

Navn

Adresse

Sends Praxis, Göteborgg. 8,
Oslo 5



MARITIM CAFETERIA Stedet for god og rimelig mat.
PEPPERMØLLEN MAT & VINHUS Stedet for mat og miljø.
FISKEKROGEN Stedet for havets delikatesser.
SJØMANNSKLUBBEN GRILL Stedet for en go'bit.

FRÅ NSU SITT LANDSTING:

Frå en landstingsdelegat

Det går sjølsagt ikke an på dette korte innlegget å gi en presentasjon av sakene som var oppe på landstinget og de vedtaka som blei fatta. Formålet mitt er å sette en del av landstingsvektaka opp mot spørsmålet om NSU er en interesseorganisasjon for flertallet av studentene.

Hva betyr alt dette for flertallet av studentene. NSU samler studentene i en organisasjon for at de bedre skal forsvare og kjempe for sine interesser.

• Er det slik at NSU-ledelsen idag går i spissen for å mobilisere studentene til kamp for å forsvare sine rettigheter.

• (Flertallet av studentene har rettferdige krav å stille mot de statlige rassjonaliseringsframstøta).

I terorien hevder de at de skal bekjempe forverrings-

framstøta. I praksis tok NSU-ledelsen i 76 initiativ til landsomfattende aksjon. Rett før landstinget ifor satte NSU igang den sk. brevaksjonen som retta seg til KUD og undervisningsministeren med krav om økte stipendbevilgn. Landsstyret i NSU hadde vedtatt at selve brevskrivninga skulle være opptakten til mere omfattende aksjoner. NSU- au brøt dette vedtaket og gjorde ikke noe for å følge opp denne kampen og landstinget vedtok en skarp kritikk.

I teorien stiller NSU seg

på samme side som studentene i kampen for bedre dagheim. I praktisk gikk NSU ledelsen imot den kampen ansatte og foreldre ved Samskipnaden i Oslo sitt dagheim førté mot kommunal overtakelse. Dette ville bl.a. bety færre stillinger og dårligere forhold for ungene. Et forslag fra PF i NSU-au om å støtte en demonstrasjon mot kommunal overtaking blei stemt ned av USV.

I teorien er NSU for jamnstilling av de to skriftspråkene. I praksis gikk NSU-landsting imot alle

konkrete forslag om å likestille den i NSUs eget materiale og presse. Gjesten fra NMU karakteriserte helt riktig det uforpliktende vedtaket som blei fatta som en seier for riksmaalsreaksjonen.

I teorien er USV for å bekjempe nazismen. I praksis stemte USV-flertallet på landstinget ned forslag som retta seg mot nazister i NSU og på lærerstedene.

Javel, vil en del si, men dette er likevel ikke representativt for helheten i NSU sitt arbeid.

USV og NSU har jo et perspektiv på kampen (eller den manglende kampen) med en politikk som står i motsetning til interessene til flertallet av studentene.

I praksis forhindrer ikke det USV flertallet å stemme ned et prinsippforslag fra PF om at NSU måtte gjøre seg uavhengig økonomisk av staten. Dette for-

slaget begrunna vi utifra erfaringene fra Vest-Tyskland hvor liknende studentorganisasjoner mista alle bevilgningene i 72-73 og ble lamma som organisasjoner.

I Tromsø er PF nekta støtte fra Samskipnaden fordi PF hadde som formål å bekjempe den statlige forverringspolitikken.

Objektivt sett er perspektivet for USV i NSU full avhengighet av staten. Og det kan de trygt ha så lenge de i hovedsak går i mot den studentkampen som eksisterer. Og så lenge de ikke gjør noe for å reise studentene til kamp for sine interesser uten en liten rituell aksjon i forbindelse med landstinget for å markere at de tross alt står for interessene til flertallet.

Roar Hagen

Kyr på veg mot feitere gressgangar (dvs. departementkorridorene)



NSUs arbeidsprogram – eit byråkratisk lappverk!!

- Landstinget i NSU nytta om lag 2 TIMER for å plenums-handsame arbeidsprogrammet!
- Det var 65 - SEKSTIFEM – røystingar om arbeidsprogrammet på desse 2 timene.
- Det blir om lag ei røysting ANNAKVART minutt!
- Det trengs om lag EITT minutt til sjølv røystinga, dvs. handsoprekking og opp-telling.
- Det trengs BORTIMOT EITT minutt til å klårgjere røystetemaet.

ER DETTE EI DEMO-KRATISK HANDSAMING AV EIT ARBEIDSPROGRAM? NEI, DET ER SOM Å BEDE EIN KUFLOKK OM Å FØLGJE BJELLEKUA!!

Dette er hovudinntrykket ein sit att med etter å ha vore med og handsama det som skulle ha vore eit arbeidsprogram for NSU!! Det finst vel knapt ein av delegatane som har vore med på å vedta dette lappverket av eit arbeidsprogram, som har greidd å skaffe seg eit heilskapleg oversyn over kva NSU eigentleg skal gjere i komande arbeidsåret; heilskapsynet vanta i alle fall hos svært mange av delegatane som var med på å vedta dette lappverket.

USV sat med reint fleirtal på Landstinget, og dei må ta hovudskulda for ei udemokratisk – ja nærmast «diktatorisk» – handsaming av arbeidsprogrammet. Her vart partikølla svinga hard og brutal. Og partikølla låg i dette tilfellet på styrar-

bordet. Med ordstyraren som bjekkeku, tralta dei andre i «kuhjorden» viljug etter.

Ein høyrd eit og anna raut frå «kufløkken». Når ein hadde heldt på ei stund vart jo flokken trøytt og greidde ikkje å følgje med. Då måtte ein ha seg pause, ikkje tenkje pause, men etarpause. Ja, slik er det: utan mat og drikke kan ikkje kufløkken brukast som stemmebrikke.

Men kyr et jo Grønt Gras som dei fleste veit. Ja, nokre gonger åt dei så mykje Grønt Gras at ein tok til å lure på om dei hadde ete opp alt. Men nokre Grønne Grasstrå vart det no att. Når Grønne Gras blir trakka altfor mykje på, er det vanskeleg å ete dei for kyrne. Men ein får vondt i hovudet når ein heil kuhjord trampar forbi. Det var nok mange Grønne Gras som fekk hovudverk etter dette møtet med kuhjordene!!

mjarar sat på gjerdet heile tida, men dei greidde no til slutt å hive seg på ei av kyrne slik at dei fekk vere med i styringa av kuhjorden det neste året. Onkel Kåre vil sikkert vere stolt av dei.

Det store spørsmålet er no: Vil den store kuhjorden gå seg vill? Vi prøvde å fortelje den store kuhjorden at ein ikkje må ete altfor mykje der beitet er best – i dei store gress-korridorgangane. Vi må slå oss i hop og kjempe for at det blir betre beteforhold for dei som har det dårleg og. Vi skal heller ikkje late oss trakke på av alskens «menneskelege» vesen som vil dikttere oss ka vi skal gjere.

Bjellekyrne et seg stadig lengre inn i gress-korridorgangane. Snart forsvinn dei vel inn der og kjem aldri attende.

Kjære leser, dette er ei grøssande (gressande) soge. Det blir sikkert høve seinare til å fortelje korleis det går med kuhjorden? MØ!

Magne Heide

Meir frå NSU's landsting –

Se side 6

Onkel Kåre sine dyrte-

Møt opp på hovudallmøtet!

Avisa har bedd dei politiske gruppe-ringane ved universitetet om å presentere seg sjølv foran valet. Vi har gitt tilbod om spalteplass til dei som akta å stille kandidatar ved vala.

Progressiv Front stiller, og gjev ei omfattande klårgjering av deira politikk. USV grunngjer i sin artikkel kvifor dei ikkje stiller til val.

Progressiv Front — valet til studentutvalet og avisredaksjonen — stø kamplina — røyst Progressiv Front

Denne artikkelen skal ikkje vere ei oppsummering av dei røynslene som vi studentar har gjort frå kampanje dei siste åra. Han skal trekke fram nokre av dei sakene vi har kjempa mot/for og ta for seg kvar for ei line som har vunne gjennom og ført til siger, og kva slags line som har ført og vil føre til nederlag for studentane sin interesse-kamp.

RØYNSLENE SYNER AT KAMP NYTTAR

Dei viktigaste åtaka på studentane kjem no på økonomien (lågare stipend, høgare rente, prisauke på kantiner og studentbyane) og på dei demokratiske rettane (stasdiktat av valordninga, suspensjonen av stud.repr., disciplinærreglement osb.)

HUSLEIGESTREIKA:

Våren 1975 kom Samskipnaden med ei husleigeark som studentane i Tromsø ikkje kunne godta. Med overveldande fleirtal vart det vadteke å gå til husleigestreik på alle stud.byane. Vi innsåg at det ikkje nyttja med berre forhandlingar og stud.repr. i ymse utval, vi måtte syne staten og Samskipnaden at det var udiskutabelt for oss å godta svære husleigearker. Kort sagt, vi måtte gå til kamp, og reise makt attorn krava våre. I den lange og vanskelege kampen vann vi ikkje berre delsigrar m.o.t. husleigearka, vi vann og røynsler når det gjeld fienden vår, i dette høvet staten og politikken dei fører. Utan husleigestreiken hadde vi fått svære husleiger, og sikkert påfølgande like store auker med jamne mellomrom. Husleigene vil sikkert auke i framtida og, men vi klarte å slå attende delar av åtaket som kom våren 75, og synte at vi er viljuge til å reise kampen, noko som skremmer staten, og setter hinder i vegen for gjennomføringa av den studentfiendtlege politikken deira.

SUSPENSONEN AV STUDENTREPRES- ENTANTEN SN FRÅ BUDSJETTUTVALET I SAMSKIPNADS- STYRET:

Denne suspensjonen var ein grov trussel mot demokratiske

Sjølsagt måtte vi reise ein storm av protestar og gjennomføre aksjonar for å hindre at suspensjonen vart vedteke.

På grunn av dette våga ikkje Samskipnadsstyret å suspendere SN, og univ.leilinga sin råtné politikk vart avslørt for mange studentar.

Vi kan på bakgrunn av desse døme (kunne ta mange, mange fleire) slå fast at det berre er kamplina som ferer fram for oss studentar. Dersom vi går til kamp kan vi slå attende dei verste åtaka, vi kan vinne røynsler om korleis kampen skal førast vidare og kva slags fiende som står mot oss.

At kamplina vinn fram ser vi og utifra åtaka ho vert utsett for frå staten, universitetsleilinga og borgarar av alle sjatteringar. Nokre av dei seier at det er dei kravstore studentane som går berserk og vil krafse til seg enno meir «privilegier», andre karakteriserer ho som «økonomisme», «aksjonisme».

«årlege demonstrasjonar rundt Stortinget» (HUFF!!) og det som «verre» er. Dette er eit uttrykk for at motstandarane av studentane sin kamp er redde for at kamplina skal vinne oppslutning blant stadig fleire studentar. Når studentane over heile landet gjekk til husleigestreik, når studentane på Eik lærarskole forsvarar utdanninga si, når studentane i Alta går til kamp for studentboligar, og vi i Tromsø slost for å forsvare dei demokratiske rettane våre, syner det seg at kamplina er i framgang, noko som gjer åtaka frå staten og borgarskapet stadig villare.

VI MÅ SLÅ ÅTAKA ATTENDE

For å slå desse åtaka må vi organisere aksjonane og sameine krava våre. Progressiv Front (PF) er eit reidskap vi kan nytte til dette. PF forvarar konsekvent kamplina og dei krava som studentane reiser. Men PF skal ikkje berre stø og forsvare studentane sine interesser, fronten skal gå i spissen for å reise studentane til kamp for saker som angår oss. Fronten skal eine alle som kan la seg eine bak dagskrava og andre krav som vi studentar har å stille.

Dersom ein meiner at studentane har rettvise krav å kjempe for, så må ein og meine at vi må bygge og styrke ein front som vi

PROGRESSIV FRONT



Overgrep på studentrepresentant:

STEINAR NILSEN

SUSPENDERT



25.5 og røyst progressiv front

USV sitt syn på SU-valet

Det er i dag berre to organiserte politiske grupperingar av betydning i studentmassen i Tromsø, — Progressiv Front/N'K'S og USV. På hovudallmøtet, studentdemokratiet sitt høgaste besluttande organ, gjenspeglar denne stoda seg i at mykje av situasjonen har ei form av kamp mellom to politiske polar. Det

USV OG PF SI ROLLE PÅ UNIVERSITETET

USV har no i vår arbeidd mykje med å bryta ned den dominansen PF/N'K'S har i den studentpolitiske verksmeda her på universitetet. Me har gjort dette fordi me meiner dei gjennomgåande fører ein feilaktig politikk. Dette er altså eit hovudtrekk ved PF og ikkje noko som kan reduserast til at dei berre har feil i delar av politikken sin.

Er så denne politiske uenigheten mellom USV og PF/N'K'S i den grad antagonistisk at me ikkje på noko felt kan stå saman? Svaret må bli ja om ein tenkjer på samarbeid på politisk plattform, f.eks. til SU. Men samstundes eksisterer det einskilde saker der våre syn i

det vesentlege fell saman, f.eks. i synet på studentane si valgordning. For tida er det difor ein «kvitbokkomite», samansett av ein uavhengig, 2 USV-arar og 2 frå PF, i arbeid med å førebu handaminga av denne saka til hausten.

SU OG NSU/DG.

NSU-delegatgruppa er saman med SV dei to viktigaste og mest arbeidskrevjande verv å innehava som representantar for grunnplanet hjá Tromsø-studentane. Difor vel me også SU og NSU-delegatgruppa på ei politisk forpliktande plattform. I år er stoda den at PF har SU mens det i NSU-d.g. sit ei gruppe av USVarar og uavhengige. Dette har samanheng med at PF blei kasta frå delegatgruppa på siste Hovudallmøte

etter at USV og uavhengige fremja mistillit, som fekk tilslutning av omkring 2/3 av Hovudallmøtet. (Sjå elles om den nye delegatgruppa si plattform og grunngjeving for mistilliten andre stader i avisra).

Når me i USV synest me til ei viss grad har lykkast i å fremja en klar politikk på dei siste hovudallmøta, veit me samstundes at årsaka mykje ligg i at dei uavhengige og USV har samarbeidd om aktuelle saker. Men utanom det NSU-d.g. representerer, eksisterer det ikkje i dag eit organiserert samarbeid mellom desse gruppene. Allikevel peiker mange av erfaringane frå dette vårsemesteret på at det er både naudsnyt og mogleg å danna eit frontalternativ til PF i universitetspolitikken her i Tromsø. USV ser

på den nye NSU-d.g. som eit viktig steg mot ei komande skiping av ein slik front og vil gje arbeidet i og omkring NSU-d.g. høg prioritet.

KVIFOR USV IKKJE STILLER KANDIDATER TIL SU

Komande hovudallmøte skal velja nytt SU, men USV kjem ikkje til å stilla kandidatar. Dette kan synast lite konsekvent utifrå den politikken me har ført i vår, som har innehadde ein krass kritikk av SU og PF. Denne kritikken har mellom anna gått ut på at PF ikkje har ei studentpolitiske prioritering, slik at til dømes viktige saker i instituttråd/Ting som ofta går dei hus

forbi. Men til trass for at me har det sjølv sagt mål å få fjerna den politiske invaliditeten som idag rår, vil det allikevel vera gale av USV å ta over i «toppen» når me nett har peika på det viktige i å byggja opp til dette frå grunnen av saman med uavhengige. Slik styrkeforholda er i dag er det inga gruppering som har grunnlag for absolutt hegemoni.

Me vil difor slutta med å oppfordra dykk som er uavhengige og som er samde i vesentlege deler i vår politikk, slik den mellom har kome til uttrykk no i vår, — hald fram med (eller byrja med) å delta på allmøtene. Lat oss gjennom eit godt politisk haustsemester leggja basis for ein sterkt socialistisk studentpolitisk front.

Forts. fra forrige side

kan kjempe fram krava våre gjennom.

TO LINER OPP MOT KVARANDRE:

I studentpolitikken som ellers har vi ei kampline, og ei line for å leggje ned kampen.

PF står for kamplina, og meiner at kamp er det einaste som nyttar mot åttaka frå staten.

Line for å leggje kampen ned ytrer seg på mange vis, men på universitetet vert ho fremja av USV, og som ser det naudsnyt å kle ho i «sosialistiske» og «radikale» fraser, og kallar det gjerne fag «kritikk». Fag- og ideologikritikk er hovudlinja USV har fulgt i mange år, og vi må spørje oss, korleis har denne linja fungert i praksis, m.o.t. dei konkrente kampane vi har stått opp i.

— I PH/DN-kampen var det kamplina som vann fram, og USV-leiinga i NSU måtte til slutt motviljig stø denne kampen.

— Kampen mot statsbudsjettet i

76 vart av NSU-leiinga tusla bort gjennom ein brevaksjon vi enno ikkje har hørt/sett noko resultat av

— NSU-leiinga klarte ikkje å stille seg i spissen for dei landsomfemannande husleigekritikkene som har vore, men sat på sidelinja og kritiserte/spreidde mismot når motselinge vart skjerpa.

— I kampen mot suspensjonen av SN kasta ikkje USV inn organisasjonen sin i arbeidet mot dette reaksjonære overgrepet, men kom 2-3 mnd. seinare med surmaga kritikk av dei som gjekk i spissen for å slå suspensjonen attende.

— I lånekassesaka har leiande USV-arar og NSU-leiinga utmerka seg både med å gå imot dei tilsette i lånekassa og studentane. For det første har dei «gøymt unna» saka fra «Studentforum» og anna materiale frå NSU-leiinga til no nettopp, (siste Studentforum — første art. om innhaldet i arbeidsnotata). Og propagandaen nyttar dei til

aktivt å forsvere dette grove åtaket på studentane sin økonomi.

I motseiling til dette står PF si line, som ikkje berre prioriterer den økonomiske kampen og kampen for dei demokratiske rettane på anna vise enn NSU-leiinga, men som og har ei line for å føre kamp og å vinne kampen. PF kan ikkje sjå på at staten setter inn det eine åtaket etter det andre på studentane utan å gjøre noko, eller prate det bort med fagkritikk og vås om aksjonsisme, det tener berre staten og borgarskapet.

— PF gjekk i spissen i kampen mot suspensjonen av SN.

— I Oslo arrangerte PF ein punktdemonstrasjon til støtte for SN (som NSU-leiinga ikkje kunne stø) er.

— PF gjekk i spissen for å få tak i opplysningar om arbeidsnotata frå lånekassa, og å spreie dette til studentane og gå i spissen for aksjonar (USV-leiinga visste om notata, og ga ikkje lyd ifra

seg før dei vart presse av Progressiv Front)

— PF i Oslo har tatt initiativ til aksjonar mot innføringa av eit disciplinærreglement som vil tyde politisk knebling og yrkesforbud på universiteta.

Dette seier også klart om kva PF vil jobbe med i neste semester. Dei sakene eg har nemnt har vi så vidt tatt fatt på, og vi må spreie meir informasjon på dei og diskutere oss fram til aksjonsformer.

Lånekassesaka skal opp som stortingsmelding til hausten, og vert viktig å følge opp. Vi må halde fast på dei økonomiske krava vi heile tida har stilt, og sjå dei i samanheng med prosentstipendmodellen og framlegget til langtidsbudsjetten.

Kampen for at vi sjøl skal avgjere valordninga og interesseorganiseringa vår er også viktig. Her kjem det stadig nye ting, som at univ.leiinga har nedsatt ein komite som skal diskutere valreglar utan stud.rep., studentane har ikkje ein gong fått hørt om komi-

teen. Kaldhol har utan vidare sendt brev til Bergen (m.a.) for å få vite der korleis dei velger repr. til samskipnadsstyret. Gjett om han har lyst å sikre seg ei valordning som tar frå studentane kontrollen over rep. sine.

Den kampen som er starta i Oslo mot innføringa av disciplinærreglement må vi lære av for å vere i stand til å slå åtaket attende, og vi må få diskusjonar på dette til hausten.

Dersom vi skal klare å utføre alle desse tinga er det viktig å styrke Progressiv Front, slik at kampen vår vert organisert og einskapleg. Det er også viktig at folk kjem på hovudallmøta, tar del i diskusjonane, og tar stilling til PF si line.

Difor:

Røyst Progressiv Front i val av studentutvalet og avisredaksjonen. Møt opp og styrk hovudallmøtet.

Misstillitsforslaget – Ei grunnaus bakvaskingskampanje

På forrige hovudallmøte vart det framsett eit misstillitsforslag mot den sittende delegatgruppa (DG). Delegatgruppa trakk seg sjøl om forslaget ikkje fekk det nødvendige 2/3 fleirtal.

SA: Den gamle delegatgruppa sitt syn på mistilliten?

RH: USV starta sitt utkjør mot DG på landsstinget i NSU rett før påske.

Kjell Roland og Peter Arbo som var tilstede fremma kritikk mot årsrapporten vi ga. Det gjekk serleg på at vi i rapporten klart seier frå at vi har ei line som står

i motstrid til NSU og at vi saman med studentane må bekjempe NSU si studentpolitiske line. Dette var iflg. Roland og Arbo brudd på vedtekten om at DG er

utøvande organ for NSU. Opp mot dette satte vi princippet om at grunnplanet skal avgjere DG sin politikk. USV hadde fleiretal på tinget så kritikken

vart sjølv sagt vedteke. Etterpå har USV satt i gang ei kampanje mot DG på klårt usakleg og upoli-

FRÅ NSU SITT LANDSTING:

NSU: Minst 25 prosent nynorsk i Universitetsadministrasjonen

Men i NSU skal bokmålet framleis vere einerådande

På Landstinget kom eg saman med Odd Inge Vistad med eit omfattande tillegg til NSU sitt arbeisprogram om NSU og målsak. Trass i at fleire sa seg samde i at «no má det bli ei betring», fall det heile i stavar når ein konkret skulle ha noko vedteke.

POSITIVT OM SPRÅKLEG RETTFERD...

Heile vedtaket om språkleg rettferd inneheld så mange positive punkt som peiker framover at eg skal gjeve det att i sin heilskap:

«— NSU skal aktivt ta del i Aksjonsnemnda for språkleg rettferd.

— NSU skal ta aktivt del i dei aksjonane som Aksjonsnemnda set i gong, ved å spreie materiell frå Aksjonsnemnda og ved å mobilisere studentane på dei krava Aksjonsnemnda stiller.

— NSU skal aktivt arbeide for full språkleg jamstelling i læremiddelproduksjonen for universitet og høgskolar.

1) Språkleg jamstelling må lovfestast i alle skoleslag, og ved Universitet og høgskolar.

2) Alle læremiddel ved Universiteta og høgskolane skal ligge føre på nynorsk og bokmål til same tid og pris.

3) Ved svært små oppslag kan ein vilke frå denne regelen (pkt. 2) slik at det anten blir minst 50 prosent nynorsk i kvart enkelt tilfelle eller at læremidla kjem vekselvis på nynorsk og bokmål.

— NSU skal aktivt arbeide for at:

1) alle universiteta og høgskolane nyttar minst 25 prosent nynorsk i administrasjonen.

2) alle skjema, blankettar, etc. skal ligge føre på nynorsk og bokmål ved alle universiteta og høgskolane.

3) alle førelsningskatalogane skal ha minst 50 prosent nynorsk eller ligge føre annakvar gong på nynorsk og bokmål.

...MEN VIL NSU FØLGJE DET OPP?

Aksjonsnemnda for språkleg rettferd er samansett av alle organisasjonane for ungdom under utdanning, som t.d. NSU, NGS, YLI, LNL, DHL og Noregs Mållag og Norsk Målungdom. Aksjonsnemnda planlegg no dei største aksjonane som nokosinne har vore i samband med læremiddelsaka til hausten. Då ventar vi at NSU følgjer opp arbeidet i organisasjonen sin konkret. Nokre framlegg til korleis det kan gjera:

— Dette bør vere hovudsak på eit av dei første landsstyre-møta.

— Studentforum bør kome med eit eige nummer om språksaka generelt der læremiddelsaka blir sett inn i ein større heilskap.

— Alle studentane skal mobili-serast til store aksjonar på

denne saka når Aksjonsnemnda skal ha sine aksjonar. Når det gjeld lovfestinga av språkleg jamstelling på universiteta og høgskolane, bør NSU stille makt bak eit krav om å få ein lovparsgraf etter mønster frå det som er i vidaregåande skolar t.d. Der heiter det at alle læremiddel

30-åra at Universitetet i Bergen skulle verte eit reint nynorsk universitet. Likeeins må kravet vere det same i Tromsø — eit reint nynorsk universitet som endemål.

Det store spørsmålet vert då: Greier NSU-leiinga å følgje opp alt dette? Har dei sett perspektiva i det dei har vedtatt? Vi skal vel ikkje vente altfor mykje av leiinga i NSU. Vi må stole på eigne krefter skal vi nå fram!!

Men eg har straka ut grunnrisset til ein kurs for NSU ovanfor. Då er det berre å sjå om leiinga vil følgje opp det dei har blitt pålagde av Landstinget, nemleg det som står i arbeidsprogrammet.

VAGT OM «FOLKELEG-GJERING» AV FAGSPRÅK

Grønt Gras-aren Eldar Misund kom med eit forslag om fagspråk som blei vedtatt. Det lyder:

«Amerikanske ord og uttrykk pregar fagspråka i dag. Fagspråka er i dag så ufolkelege at dei tener til å halde oppe eit skeivt maktforhold i samfunnet.

— NSU må arbeide aktivt for å presse universiteta til å utvikle eit folkeleg fagspråk både på bokmål og nynorsk. Dette er og må vere ei naturleg oppgåve for universiteta, som dei i dag forsømmer.

Konkret krav:

— Flest mulig lærebøker på nynorsk og bokmål, med eit folkeleg fagspråk.

Dette er vagt fordi det første ikkje klågjer kva ein «folkeleggjering» av fagspråket er for noko. Å nyte nynorsk i alt fagspråk meiner eg ville vere ei god nok «folkeleggjering». Nynorsken bygger på folkemålet — dialektene i bygd og by — og er såleis «folkeleg». For det andre meiner eg at det norsk-danske bokmålet aldri kan bli eit «folkeleg» språk. Det er eit oppnorska dansk språk, som ikkje har sitt grunnlag i det målet folket i Noreg talar.

ROSINEN I PØLSA...

Men vi kan ikkje berre stø det arbeidet andre fører for nynorsk. Det kom derfor følgjande framlegg frå Odd Inge Vistad og meg:

«Studentforum

Redaksjonen skal sørge for at det blir minst 50 prosent nynorsk i kvart nummer ved å:

- 1) oppfordre innendarane til å skrive på nynorsk
- 2) bruke minst 50 prosent nynorsk i redaksjonelle innlegg
- 3) Sette om innlegg til nynorsk.

NSUs organ

Minst 50 prosent av det materiellet som NSU gjev ut skal kome på nynorsk. Dette gjeld, t.d.:

- 1) alle hefte, løpesedlar, tidskrift og anna utoverretta propaganda.
- 2) alle sakspapir og referat frå Landsting, Landsstyre, AU, råd, komitear, o.a. nedsett av NSU».

Dette er i alle hovudsak ei udjuping av det som studentane ved Tromsø vedtok samrøystes på siste hovudallmøte før Lands-

tinget, nemleg at «Landstinget må støtte forslaget om

- a) Minst 50 prosent nynorsk i alt materiell frå NSU straks
- b) Minst 50 prosent nynorsk i Studentforum frå og med neste nr.».

...NSU-LEIINGA VIL IKKJE HA NYNORSK

Den eine pampen etter den andre sa klårt i frå at dei ville ikkje ha nynorsk i NSU. Baard Johannessen (har site eit år i NSU-leiinga) sa beint ut at han kunne ikkje nynorsk. Det er forsøkt ei ærleg utsegn. Men når han ikkje har gong viste vilje til å lære seg nynorsk — ja, han ville ikkje ein gong ha eigen nynorsk språkkonsulent i NSU — då vel eg å tolke det såleis at vi nok må sjå desse folka som motstandarar av målørsla og nynorsken!!!

No kalte Baard Johannessen seg seinare for samnorsk-mann å vere utan at kunne forklare meg ka han sånn nærmare la i det — bortsett frå at han ville arbeide for å få eitt mål i landet (det vil jo målørsla og!!!) I praksis er det det norsk-danske bokmålet slike folk arbeider for. Språkleg samrøre folk, det er det dei er!

No var ikkje dette noko einestå-

ande tilfelle. Det finst tydelegvis fleire samrøre-folk innafor den leiren som hadde fleirtalet på Landstinget. Det framlegg som endeleg blei vedteke av Landstinget kom og frå ei jente, Ingebjørg Birkeland, SOS. Front, Bergen som etterpå erklærte seg for å vere samnorskmeneske (Ho ville ha radikalt bokmål i heile landet. — men fremja «merkeleg nok ikkje at alt frå NSU skulle kome ut på dette radikale bokmålet).)

Det endelige vedtaket blei: «Redaksjonen i Studentforum skal arbeide for språkleg jamstelling i avis».

Framlegg om minst 50 prosent nynorsk i alt materiell frå NSU blei forkasta av Landstinget.

Men det var tydeleg for alle at USV-leiren var splitta på målspørsmålet. Store delar stemde for å vedta eit skikkelig punkt, men to tre-delar av dei som stemde, var imot!!

Dei konservative riksmaalsfolka sette fram eitt forslag oppimot alle dei andre nemleg at «NSU motiverer alle til å bruke sitt eget skriftspråk». Dei vart nedstemde, men samrøre-folket fekk sitt igjennom.

KONKLUSJON:

Målkuinga innafor NSU kjem til å halde fram ei god stund framover. Det er berre ein ting å gjøre: Reise krava og kjempe for ei rettline i målspørsmålet i NSU.

Komplett!

BBB er bokreolen som De får kjøpt hos bokhandleren. BBB er kjeni som en bruksriktig og stilig reol, og De kan bygge den ut, seksjon for seksjon, akkurat som det passer Dem. Nå tilbyr vi også skap til BBB, slik at De kan lage en hel veggseksjon. Hos oss får De en brosjyre som forteller mer om de mulighetene BBB-reolen gir.



får De hos
UNIBOK
UNIVERSITETSBOKHANDEL
Boks 761 Tlf. 8 10 12
9001 TROMSØ



Relaten

Siegata 12 Telefon 82085

God mat til folkelige priser!

Åpent 10.30 - 17.00
og
19.00 - 24.00

Overgang fra side 1

«Kvitbok-komite»

Med sikte på å få i gang en omfattende diskusjon på universitetet om valgordning og interesseorganisering til høsten, vil hovedallmøtet nedsette en bredt sammensatt komite på 5 personer som får i oppgave å utarbeide bakgrunnsmateriale for denne diskusjonen.

Bakgrunnsmaterialet skal ha form av et notat som tar opp følgende tre hovedpunkter:

- En vurdering av studentdemokratiets utvikling ved Universitetet i Tromsø og hovedallmøtets nåværende stilling.
- En oversikt over de forskjellige angrepene på interesseorganiseringa vår som nå er på trappene, med spesiell vekt på å få fram konsekvensene av urnevalgsordninga.
- En vurdering av eventuelle praktiske/organisatoriske tiltak for å styrke studentdemokratiet.

Komiteen skal ha bakgrunnsmaterialet ferdig innen 17. mai, slik at SU kan distribuere det umiddelbart ved semesterets begynnelse til høsten. Ut fra dette skal SU ta initiativ til at diskusjonene

kommer i gang på instituttene.

Siktemålet må være at hovedallmøtet skal fatte endelig vektak om hvordan studentene ved Universitetet i Tromsø skal organisere seg og hvordan denne ordninga skal forsvareres før eventuelle pålegg utenfra om nye valgordninger kommer.

Komiteen har hatt sitt første møte der det blei semje om det vidare arbeidet framover. Vi står alle på dei to hovudprinsippa om at studentane sjølv skal bestemma valgordninga si og at det idag ikke er rett å bryta med hovedallmøtets modellen for organiseringa.

Fylgjande hovudpunkt vil bli handsama i kvitboka:

- Frømlegg og utsegn fra styresmaktene om endringar som vi idag har kjennskap til.
- Demokrati-omgrep.
- Ei vurdering av hovedallmøte-modellen og alternative organiseringsformer.

I komiteen sit: Anton Myhra (PF), Roar Hagen (PF), Lars Inge Terum (USV), Knut Hjelmeland (USV), Gunnar Graff (uavhengig).



Staten og Haugli med nye grove åtak på reinhaldsbetjentane

Den kampen reinhaldsbetjentane har ført mot overgang til vasking på dagtid — og dermed nedgang i løn —, er vel kjend for dei fleste på universitetet.

No kjem staten og univ.dir. Haugli med nye framstøt. Innføringa av frammøteprotokoll, med andre ord eit stemplingssystem, skal kontrollere at reinhaldsbetjentane overheld arbeidstida.

HAUGLI IGNORERER TINGVEDTAK

Reinhaldsbetjentane har fått stor støtte fra studentar og tilsette på universitetet tidlegare. Universitetstinget gjorde og et vedtak til støtte for kampen deira. Men Haugli har gjort det klart at

han ikkje kjenner seg forpliktad til åndsyns vedtaket. Sia tingmøtet har han omsynslauast arbeida vidare for vasking på dagtid.

I april vart det undertekna ein forhandlingsprotokoll i Oslo. Det

Forts. side 2

MERK DEG VÅRE KANTINETILBUD!

Teorbygget: kaldmat, middag	Åpningstid 1000 - 1615
Nordlysobservatoriet: kaldmat, middag	1100 - 1500
Odd Berg: kaldmat	0900 - 1500
Idar Brenn: kaldmat, middag	1000 - 1615
Gjennomgangsbygget: kaldmat, middag	1000 - 1600

Vellaget, god middag i prisklassen kr 8,50 - kr 11,25 (ca halve prisen i forhold til byens andre tilbud).

Vi tar oss av alle typer arrangement, stort eller lite. Vi lager også mat for utbringning.



Nærmore opplysninger om kantinenes service-tilbud fås over telefon 8 10 12.

STUDENTSAMSKIPNADEN
I TROMSØ

Plattform for delegatgruppa

Sjølv om det ikke er valg til DG på neste hovedallmøte, vil vi likevel presentere plattforma den nyvalde delegatgruppa vil arbeide ut frå. Plattforma er ei utdjuping av løpeseddelen «Kva bør delegatgruppa gjere» som vart gjeven ut før det hovedallmøtet der mistillitsforslaget mot den forrige DG vart stilt.

Grunnlaget for det studentpolitiske arbeidet må vere ein analyse av vår konkrete situasjon. Det inneber at ein ser samanheng mellom våre fag og arbeidstilhøva og samfunnet elles. Det avgjerande blir om ein maktar å bestemme kva som kjenneteiknar det samfunnet vi lever i. Dette er eit nødvendig utgangspunkt for å forstå at dei motsetningane og problema som det kapitalistiske systemet skaper, også verkar retningsgjenvand på staten sin politikk. Difor meiner vi studentane må avise 1) den sosialdemokratiske «linja» som inneber at staten blir forstått som ein uavhengig innstans som freistar å kome «alle til lags». 2) den perspektivelause interesekampen som NKS og Progressiv Front fører.

DEN STATLEGE UTDANNINGSPOLITIKKEN

Den statlege utdanningspolitikken er grovt sett underlagt to omsyn:

— Kapitalens bestemte kvalifikasjonsbehov, altså kva slags kvalifikasjoner skulelevar og studentar må ha for å vere nytte for kapitalen. Desse krava endrar seg med endringar i produksjonsprosessen.

— Då utdanningssektoren — for kapitalen — er uproduktiv, men nødvendig, må utgiftene haldast så låge som mogeleg.

I dag gjev dette seg utslag i:

— Nedprioritering av universiteta gjennom fastfrysing av løvingane og direkte regulering av studenttalet.

— Overgang til kortare og meir fleksible utdanningsformer og omlegging av universitetsutdanninga: studietidsnedsättning, innføring av mindre kurseinningar, vekttal og hyppig eksamen.

— Dårlegare studiefinansierings- og velferdstilbod.

— Strengare politisk kontroll gjennom nye valgordningar og disciplinærreglement.

I dag er det ikkje lengre dei store og heilskaplege universitetsplanane vi blir stilt overfor, men deira konkrete gjennomføring i form av lokale, dryppvisse reformar. Desse reformane er viktige fordi dei verkar direkte

styrande og disciplinerande på det faglege arbeidet. Både utanomfagleg og fagkritisk aktivitet blir vanskeleggjort. Slik kan utdanningas innhald og den fagleg-politiske disciplineringa sikrast gjennom budsjettet politikken og tilstrammingar i studiestrukturen.

KVA VI VIL INNRETTE ARBEIDET PÅ:

Det er nødvendig at sosialistar analyserar innhaldet i faga og den framtidige yrkesfunksjonen sett i forhold til arbeidarklassen og til kapitalismens alternativ: sosialismen. Berre på denne måten kan det bli ein konkret samanheng mellom vår eigen situasjon og funksjon og kampen for sosialismen. Vi vil difor kjempe mot både økonomisk og sosial forverring og fagleg og politisk disciplinering som gjer oss til lydige brikkar i kapitalen sitt spel.

I samarbeid med NSU vil delegatgruppa arbeide for å spre kjennskap til desse saksområda, og dermed legge grunnlaget for ein politikk som er på høgda med reformane reelle innhald. Det er ikkje nok å peike på ei stadig forverring (trass i stadige «sirar»!) — det gjeld å påvise den konkrete samanhengen reformane inngår i. DG vil også bruke NSU til å stø lokale utdanningspolitiske kampar mot dei konkrete utslaga av staten sin utdanningsplanlegging.

Vi meiner dette er dei viktigaste sakene å arbeide med:

STUDIEFINANSIERINGA

må kraftig betrast. Kostnormen må bli indeksregulert og stipendet må utgjere 40% av kostnadsnormen. Låneienta må ned på 1974-nivå. Dei mest aktuelle sakene no er arbeidet i Lånekassa med nytt forslag til stønadssystem og lokale kontor. Vi kan sjølv sagt ikkje alt no — før det føreligg eit reelt forslag — avvise «det nye systemet». Det endelege framlegget vi venteg kome i

september, og vi vil da i samarbeid med NSU bidra til å reise ein brei diskusjon om denne saka. Delegatgruppa støtta vedtaket fra NSU sitt landssting om desentralisering av Lånekassa.

— I samarbeid med organiseringa av velferdstilbodet må vi avvise illusjonane og «brukarstyring» av Samskipnaden (slik Alstadheimutvalget går inn for).

Studentrepresentantar med den formelle makta i Samskipnaden verkar tilslørande på dei reelle makttilhøva, samstundes som det hindrar studentane sin kamp mot staten. Det er staten som bestemmer Samskipnaden sin økonomi, og det er derfor staten som bør ha det fulle ansvaret for drifta. Vi støt DUKs krav om ei oppsplitting av Samskipnadane i Statens kantiner, egne boligstiftelser etc.

VALORDNINGA/STYRINGSSTRUKTUR-DEBATTEN

Heile styringsstrukturen skal opp til revisjon her i Tromsø i 1978. Dette gjer det nødvendig både å ta opp studentorganiseringa og forholdet til parlamentarisk organ. I samband med at «Kvitbokkomiteen» legg fram sitt arbeid, vil DG ta initiativ overfor SU for i samarbeid å legge opp til ei aksjonsveke om studentorganiseringa. I denne aksjonsveka vonar vi også å få teke opp Samskipnadsspørsmålet ut fra det arbeidet som der pågår med nye valreglar for studentrepresentantar.

REORGANISERINGA AV STUDIESTRUKTUREN, dvs. gradsendingar, vektalssystem o.l.

I dag er det viktig å spre informasjon om kva desse reformane inneber, og bidra til at det blir teke initiativ på dei einskilde instituttene som

Forts. side 2

Norges Kommunistiske Studentforbund arrangerer RAUD FRONT STUDENTLEIR 14. - 20. august i nærleiken av Tromsø

Det er lenge sidan det har vore så mykje politiske diskusjonar på Universitetet som site semester. På stands, studiesirklar, i studentersamfunnet, på hovudallmøta, i kantina, foran 8. mars, 1. mai og 17. mai har diskusjonen blomstra.

Klassekampen skjerpar seg internasjonalt og i Noreg. Også mellom studentane. Det blir klårare kor motseiningane går, og viktigare å ta standpunkt. Den store interessa for politikk er eit levande motprov mot alskens»teoriar» og at «studentane er blitt så apolitiske», «det er liten interesse for internasjonale spørsmål nå for tida» osv.

Den store interessa for politikk er positiv, og eit godt grunnlag for at mange fleire studentar tar del i den store politiske rørsla mot alle reaksjonære krefter, mot all underkuling, for rettferd og for eit sosialistisk Noreg.

Men diskusjonane på strands og veggaviser o.l. blir ofte overflatiske og springande. Det er vanskeleg å få klåre nok skiljelinjer. Det er behov for å gå djupare, sondere spørsmåla grundigare, diskutere dei meir. Dette er formålet med Raud Front-leira som NKS arrangerer. Hovuddiskusjonane på leira tar opp dei tre viktigaste politiske diskusjonane for progressive og revolusjonære studentar i dag:

KRIGSFAREN OG PRINSIPPA FOR FOLKEKRIG

Noreg ligg i skotfeltet mellom supermarktene. Ein krig mellom dei to om kven som skal ha hegemoni i verda er sannsynleg, og kan kome raskt. Då Noreg var okkupert under forrige krig lei motstanden nederlag hovudsakleg p.g.a. den borgarlege leiinga av motstandsørsla. Historia og marxismen — leninismen — Maotsetnings tenking syner at det er mogleg å vinne, at eit lite land kan slå eit stort sjølv om det er væpna til tennene dersom det fører ein rettferdig krig. For å vinne treng vi ein folkehær, einskapsfronten og det kommunistiske partiet.

AKP(m-l) er det einaste partiet som åpent legg fram at ein ny verdskrig er sannsynleg. Analysa er grunna på studiar av arbeidarklassen sin teore-

tikarar og studiar av verda i dag.

Analysa til AKP(m-l) er den einaste som er i samsvar med analysa til Kinas kommunistiske parti under Mao Tsetung og under Hua Kuo Feng. (AKP(m-l) er også det einaste partiet i Noreg i dag som førebud arbeidarklassen og folket til krig, og det einaste partiet som veit korleis krigen kan vinna. Vi har mange erfaringar å byggja på, frå Noreg og frå heile verda. Kampuchea, Vietnam og Laos har synt all verda at det går an. Erfaringane, frå siger og frå nederlag har AKP(m-l) oppsummert. Om krigsfaren og prinsippa for folkekrieg er det eit hovedtema på leira i år.

REVOLUSJONÆR INTERESSEKAMP

er det andre. Borgarskapet seier at



Mange av de politiske diskusjonene på sommerleirene foregår på veggaviser. Her kan alle spørsmål tas opp, og alle har sjansen til å svare. Veggavisene er en garanti for demokratiet på leirene.

studentane er privilegerte. Særleg får vi høyre det kvar gong vi reiser krav om aksjonar for dei. Men kvifor reiser studentane krav om høgre stipend, nei til auka husleige, betra romtilhøve osv.? For å få fleire privilegiar? For å karre til oss meir enn andre? Nei, statens utdanningspolitikk gjer oss til gjeldsslavar til vi er godt oppe i 50-åra, gir usikkerheit om jobb, utrygge arbeidstilhøve. Og staten prøver å kneble all opposisjon og innføre utkesforbod. Det er rettferdig når studentane gjer opprør mot denne underkulinga, krava våre er verken mindreverdige, studentisolasjonistiske eller reaksjonære.

Kva skal vår politikk og

taktikk vere, kva er fienden sin taktikk, korleis skal kampen mot underkulinga bli ei verkeleg masseørsla blant studentane, og kva er prespektivet på kampen vi fører for interessene våre. Dette er nokre av dei spørsmåla vi vil ta opp i denne diskusjonen.

Det tredje hovudemnet er stortingsvalet til hausten, kvifor stiller komunistane til val når vi fullt og heilt avviser at vi kan bruke Stortinget til reformer som lettar byrdane for folket?

Kommunistane brukar valkampen og evt. talarestolen i Stortinget til å avsløre for fleire at vi lever under borgarskapet sitt diktatur, sjølv når borgarskapet syner seg frå si mest «demokratiske» side — det borgarlege demokratiet. Under valkampen er folk meir opptekne av



Veggaviser er en viktig del av det demokratiske livet på leirene.

skap, mykje fin idrott og kultur, demokrati og disiplin.

Er leira berre for komunistar?

Nei, alle progressive treng å skolere seg på og diskutere dei viktige tinga som takast opp, og AKP(m-l) og NKS treng erfaringane frå progressive langt utover eigne rekker i diskusjonen og i arbeidet. Derfor er alle progressive studentar m/vener inviterte.

Om du er interessert, men lurer på om du kan,

korleis forholda er for ungane, har kostproblem eller andre ting du lurer på, oppmodar vi deg til å diskutere det med oss. Kanskje kan vi i fellesskap løyse evt. problem. I alle høve er det fint å diskutere leira med andre som skal dra. Ta kontakt med NKS'arar du kjenner, eller med Hans Evju, Storskogåsen studentby. Påmelding skjer på same vis.

Fram for ei god sommarleir!

Meld deg på Raud Fronts studentleir!

NKS

Studie og skoleservice

— en tjeneste for studenter og skolelever under videregående

Vår jobb er å hjelpe deg.



Tromsbanken as

— din økonomiske rådgiver

politikk enn elles. Det ville vere eit svik å overlate arbeidarklassen og folket til borgarskapet sitt valsirkus. I staden nyttar komunistane valkampen til å kome breiare og grundigare ut med politikken, og gje skiljelinene mellom vår revolusjonære politikk og alskens revisionisme og reformisme mellom oss og dei borgarlege «arbeidar»-partia klårare.

Sommarleirdiskusjonane er ein lekk i dette, og ein lekk i å lære av dei erfaringane andre progressive har.

På kvart av hovudemna blir det ei innleiing og diskusjon i store og små grupper.

Leira er mykje meir enn hovuddiskusjonane, sjøl om desse er dei viktigaste. Stikkord er godt kamperat-